



## 150 år

23. august var det jubileumsgudsteneste i Os kyrkje.

Side 9



## Venneveko

Veke 48 er det venneveko i Bjørnafjorden kommune!

Side 4



## Endring i stab

Nye tilsette og nye arbeidsoppgåver.

Side 3,4,5 og 7



Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

#### REDAKSJON:

Linda Ekerhovd og kyrkjestaben.

#### ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os  
Besøksadresse: Øyro 49

#### UTGJEVAR: Os sokneråd

#### ANSVARLEG REDAKTØR:

Linda Ekerhovd

#### LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:

Birgit Tarlebø

#### TRYKK: Borge Grafisk AS

OPPLAG: 8.800 stk

#### OS SOKNERÅD:

Postboks 209 - 5202 Os

#### LEIAR:

Bente Brøvig Strømme

#### OS KYRKJE: Tlf. 56 57 24 00

#### KYRKJEKONTORET I OS:

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.

E-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)

Kontortid: måndag-fredag kl.09-14

#### YNSKJER DU Å ANNONSERE I KYRKJEBLADET?

Ta kontakt på tlf. 56 57 24 00 eller e-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)

LEIAR



## Ein ny start

*Eg elsker starten på hausten. Årstida med dei vakre og skarpe fargane. Den friske og klare lufta. Men det er ikkje berre derfor eg elsker hausten.*

Dei fleste av oss kjenner godt til dei kjente og kjære orda til Alf Prøysen; «Du ska få en dag i mårå som rein og ubrukt står med blanke ark og fargestifter tel». Slik føler eg det er med hausten. Vi får ein ny start. Sommaren med sine gode og late dagar går over til kvardagen med dei faste rutine og oppstart av aktivitetar. Det er ei tid for å revurdere kva ein bruker tida på og kva prioritering ein gjer.

Her i kyrkjelyden går vi ein spanande haust i møte. Med ein vår som ikkje blei som planlagt, stenging, isolasjon og halvegs-sommaravslutningar. Det føltes ikkje godt. Så no tar vi fatt i hausten med blanke ark. Og det med både nye og «gamle» fargestifter tel. I dette bladet vil du møte våre to nye medarbeidarar Sylvi Lundgren og Malin Nøss Vangsnes, samt Roar Hallesby Evjedal og Gro Helen Skjælaaen som har vore i staben i fleire år og som no trer inn i nye stillingar. Likt for dei alle er ein ny arbeidsdag.

Vidare vil du og lese om alt som skjer i kyrkjelyden dette semesteret. Her er det tilbod for både gamle og unge. Vi ser på

kyrkja som ein heim og ein familie. Eg håpar du vil finne din plass hos oss – om det er som deltakar eller som frivillig. Kanskje er denne hausten tida for deg å prøve noko nytt? Om du aldri har vore på ei gudsteneste så er du hjarteleg velkomen å prøve det ut ein søndag. Eller om du er glad i musikk, og er mellom 13 og 19 år, er det plass til deg både i Join Us sitt kor og band. Uansett dine interesser eller ferdigheiter er du hjarteleg velkomen til Os kyrkjelyd.

Det er dette eg elsker med hausten. Ein ny start. Tid for å gjera nokon endringar til det betre. Så er det trøyst i orda til Alf Prøysen. Men det er ein stad eg finn enda meir trøyst. Det er i møte med Gud. Hos han får eg alltid ein ny start. På hausten blir eg særleg minna om det. Hans nåde er ny kvar dag.

*Herren er nådig, vi går ikkje til grunne.  
Hans miskunn tek ikkje slutt, ho er ny kvar morgon.*

**Klagesongane 3, 22-23**

**Linda Ekerhovd**

DAGLEG LEIAR I OS SOKN





## Gudstenestelivet i haust

Covid 19 har gjeve oss utfordringar for kyrkjelydslivet. Det gjeld og gudstenestene våre.

Pga. einmetersregelen er det avgrensa kor mange som kan koma innfor dørene i kyrkjene. For Os kyrkje er dette talet 100, og i Nore Neset kyrkje 50. Difor må vi ta nokre førehandsreglar.

Først og fremst handlar det om at vi alle må følgje dei generelle smittevernreglane: halda oss heime viss vi er sjuke, halde ein meters avstand til dei vi ikkje er i same husstand som og god handhygiene.

Vidare vil vi i Os ha eigne dåpsgudstenester kl. 10 kvar søndag. Det sit langt inne å ta dåp ut av hovudgudstenesta, men for at vi skal greie å følgja opp alle som ønskjer dåp må vi gå for denne løysinga no i haust. Sidan det då er dåpsgudsteneste kl. 10 vil fast tid for hovudgudstenesta i Os kyrkje vera 11.15, så vi får god nok tid til å vaska mellom gudstenestene.

I Nore Neset kyrkje vil vi halda på gudsteneste kl. 11 med dåp dei søndagane det er sett opp gudsteneste der.

Vi følgjer elles dei til ein kvar tid gjeldande reglane for offentlege arrangement. Ved spørsmål, ta kontakt med soknepresten.

**Roar Hallesby Evjebj**  
SOKNEPREST I OS SOKN

# Ny sokneprest i Os sokn

Tekst og foto: Linda Ekerhovd

## Velkommen til Roar Hallesby Evjedal som ny sokneprest i Os sokn!

Søndag 20. september 2020 blir Roar Hallesby Evjedal innsett som sokneprest i Os sokn, men allereie i sommar starta han i den nye stillinga. Roar er godt kjend i, og med kyrkjelyden, og har jobba som kapellan i Os sidan 2013. Sjølv om Roar ikkje er nyttilsett i kyrkjelyden er det kanskje nokre ting vi ikkje veit om han. Eg stilte han nokre spørsmål for å bli litt betre kjent.

### **Gratulerer med stillinga! For dei lesarane som ikkje kjenner deg så godt, kva er din bakgrunn?**

- Eg er frå fagre Stathelle som ligg i Bamble i Telemark. Eg har problem med å seie Vestfold og Telemark. Der vaks eg opp på typisk vis med fotball, ten sing og trommer i band. Eg studerte ved Misjonshøgskolen i Stavanger, eg har jobba som feltprest, som kretssekretær i Bjørgvin KFUK-KFUM og som misjonær i England, før eg kom til Os som kapellan i 2013.

### **Du har jo budd i Os ei god stund no, men korleis enda du opp i denne bygda mellom fjordar og fjell i utgangspunktet?**

- Utgangspunktet for mi tilknytning til Os heiter Ingvild, og ho er eg så heldig å vera gift med. At vi skulle koma til Os med ein gong etter perioden i England var riktig nok ei relativt stor overrasking for oss begge. Vi hadde nok litt andre tankar, men er veldig glad for at det blei slik.

### **Kvifor valte du å bli prest, og kva er det beste med den jobben?**

- Kor fromt skal eg svara? Det har



sjølvsagt litt med kall og gjera, og eg trur verkeleg at Gud gjer ein forskjell i liva til menneske. Men korleis kan dei tru om Guds kjærleik ikkje forkynnast? Det beste med jobben er at det er få like dagar, og mange forskjellige oppgåver å gjera. Men grunnleggjande handlar det om å møta menneske, og sjølv om eg er ein introvert personlegdomstype, er det nett det å møta menneske i ulike livssituasjonar noko av det beste. Aller best trivst eg nok når eg får driva barne- og ungdomsarbeid.

### **Til slutt, kva ønsker og visjonar har du som sokneprest for Os sokn?**

- Eg liker visjonen kyrkjelyden har vald seg, men som vi tar fram alt for sjeldan: Nær Kristus-nær kvarandre-nær kvardagen. Kort sagt handlar det om å byggja kyrkjelyd, ein stad der menneske i alle aldrar og livssituasjonar skal finna ein plass dei kjenner at «Her høyrer eg til», ein stad som er bygd på Jesus. Så får vi ta detaljane undervegs.



# Hei alle saman!

Mitt namn er Malin Nøss Vangsnes, og eg er vikar som Ungdomsarbeidar i Os kyrkjelyd.

Eg er oppvaksen på Os, men har budd i Bergen, Oslo, London og Canada. Eg er utdanna dansar, men ser fram til å no jobbe med ungdom i ein litt annan kontekst.

Gjennom fleire års undervisning i ulike kulturskular, barne- ungdom og vidaregåande skular, har eg hatt mykje kontakt med born og ungdom i både Os og Fusa, så det var ein naturleg overgang for meg å fokusera på ungdom også i eit meir fast engasjement, som ungdomsarbeidar her i Os. For meg er det viktig at alle har ein stad å høyre til -om det er gjennom dans, musikk, friluftsliv eller gaming, og at alle veit at dei har ein plass å gå. Eg har hatt nokre gode møter med ungdom som er engasjert i Os kyrkjelyd, og ser kor viktig det er for dei å få bidra med sin venskap og glede inn i ungdomsarbeidet.

Dette har vore eit uvanleg år for alle, og desto viktigare er det å skape trygge møteplassar for unge, kor dei får være sosiale, ha det gøy og bidra. Eg håpar at dei som kjem til ein eller alt av aktivitetar

føler seg sett og ivaretatt, og veit at dei er gode nok som dei er. Alle er velkomen! I haust er det allereie mykje på programmet innan ungdomsarbeid. Dei faste tilboda som Join Us, KRIK og Teamet i Tunet går som vanleg, og det er alltid plass til fleire!

**I september reiser ungdomsleiarane, Join Us og KRIK på sosial weekend til Skjærgardsheimen i Øygarden,** kor dei alle får bli betre kjend med kvarandre og ta eit djupdykk i sin gjeng.

**Fredag 30. oktober inviterer Teamet i Tunet til fredagshapping:** HALLOWEENFEST for alle ungdommar i alder 13-19 år, kor det blir skummel stemning, dans og kostymekonkurranse. To veker seinare tar OS LAN over heile Tunet, med **LAN party 6.-7.november** -21 timer framfor skjermen med underhaldning, mat, konkurransar og fellesskap (avgrensa tal på deltakarar så ver tidleg ute! Påmelding på [www.oslan.no](http://www.oslan.no) ). Dette vert eit kjempekjett arrangement, tilpassa dagens tilstand, og om det er nokre over 19 som vil vera med og hjelpe til er det berre å ta kontakt.



**Deretter vert det alternativ julemesse laurdag 21. november,** og i Venneveke veke 48 vert det konsertar med Join Us rundt omkring i Os, kulturell kveld med Språkkafeen, og sosial kveld med Teamet i Tunet om fredagen -følg med på Os Kyrkje si heimeside og Facebook for oppdateringar.

Desember vert ein månad med fleire kjekke samlingar, blant anna **Lysmesse søndag 13. desember** - her vert det konsert med Join Us i kyrkja.

Alle arrangementa er av og for ungdom, og det er alltid kjekt med nye og gamle fjes som dukkar opp! Vi satsar på at det blir ein fin haust, kor nye venskap blir laga og kor framtida vert litt klarare.

### Vi sjåast!

(Ps. Lik og følg Ungdomstunet på Facebook og Instagram.)

Helsing Malin

## JOIN US TENSING

**Øving kvar onsdag kl.1830 i Tunet kyrkje- og kultursenter**

Oppstart onsdag 2. september. Nye og tidligare medlemmer er hjarteleg velkomne!

[Meld deg på os.medarbeideren.no](http://os.medarbeideren.no)

## Spelar du eit instrument?

**Vi søker musikarar til bandet i Join Us.**

**Bli med!**

## TEAM I TUNET

Ein fredag i månaden er det happening for ungdommar i Tunet **Dette er datoane i haust:**

- 30. oktober
- 27. november
- 13. desember (søndag)



# Hels på vår nye kateket!

For mange i kyrkja er ikkje Gro Helen Blindheim Skjælaaen eit nytt ansikt.

Tekst og foto: Linda Ekerhovd

Gro Helen har jobba som kyrkjelydspedagog i kyrkjelyden i fleire år, men har no fått andre arbeidsoppgåver.

Ho går frå ansvaret for arbeid med barn og familie, til å leie undervisningsarbeidet i kyrkjelyden. Vi tok ein liten prat med Gro Helen.

**1. august gjekk du inn i den nye stillinga. Du fekk ein skikkelege pangstart, då konfirmasjonane som var planlagt i vår var utsette til hausten, grunna covid-19. Korleis går det med deg?**

- Det går fint! Skulle helst hatt Hildur Lillestøl (ref: førre kateket) sitjande ved sida mi kvar dag, men det veit eg jo at ikkje går. Eg må jo berre ta det steg for steg, og håpa at eg leverer på det eg skal. Det blir som det blir. Det er første gong for mange av oss på kontoret denne hausten, så eg er i godt lag.

Samstundes så er eg i gang med å utdanne meg til kateket, på MF (Menighetsfakultet), så det blir fint å få innspel og vegleing der ifrå på arbeidet eg står i.

**Som kateket vil du ha hovudansvaret for konfirmantarbeidet. Kva ser du mest fram til?**

- Konfirmantar er ei fin aldersgruppe. Det er utruleg mykje som skjer både fysisk og mentalt i løpet av dette året, det veit eg. Og vi i kyrkja får lov å vera med i denne tida, kanskje utvida horisonten deira, gje dei fleire perspektiv på livet og dauden, forhåpentlegvis gje dei tryggare grunn å stå på, og kanskje ei tru å ta med i livet vidare.

- Eg syns det er stas at vi kan gje konfirmantane eit år som er annleis enn

dei andre åra dei har hatt og skal ha. Det er utfordrande å finna nøkkelen til korleis å få dei «ut på banen», få dei til å stilla spørsmål om korleis alt heng i hop, kva som er meininga med alt, og det finns ikkje faktiske svar på alt. Og desse undringane er utruleg viktige i det å finna sin identitet. Det vi klarar å gje dei dette året vil for mange vera den erfaringa dei tar med seg inn i nye møter med kyrkja. Det er ei utfordrande og spanande oppgåve, syns eg! Nesten litt skummelt å vera med på, men heldigvis er «himmeltaket» høgt både for meg og andre, så då bør det gå bra!

**I tillegg til konfirmantarbeid vil du også arbeide med barnehagar og skular i Os. Kva har dei ulike klassane i vente?**

- Ja, hihi... det veit eg ikkje enda! Så langt i planlegginga har eg ikkje kome. Eg veit at 4. trinn skal koma på besøk i kyrkja og få sjå og læra litt om symbol. Så skal eg få besøka 5. trinn og dela ut nytestamentet. Det blir spanande! Eg har undervist i klasserom før men det er faktisk 12 år sidan. Og 6. trinn skal få koma på besøk i kyrkja. Då blir det meir historie og kyrkjebygg. Eg likar å vera saman med born, så dette gler eg meg til!



**Og til slutt, kva brenn du for i jobben?**

- Oi, eg har nok eit bredt engasjements-felt. Blir lett engasjert i det meste.

Eg kjem nok oftast tilbake til ønskje om å leggja til rette for at born og unge skal kjenna at kyrkja er eit aktuelt fellesskap som det er lett å bli ein del av. Og eg kjenner at det er viktig for meg at vi har høg dør og lav terskel.

Og inn i dette arbeidet er vi ein heil kyrkjelyd som kan bidra på våre ulike områder, unge som gamle, der vi er i livet og med våre ulike gåver.

## Velkomen til 2021-konfirmantane

Med 164 påmeldte til konfirmasjon 2021 i Os kyrkjelyd ser vi fram til eit kjekt år saman! For 2021-konfirmantane startar undervisninga opp i oktober 2020, og konfirmasjonsdagane i mai. Vi vil kombinera nettbasert undervisning med samlingar i aktivitetsgrupper. I tillegg deltek alle konfirmantar på gudsteneste.

Vi vil leggje opp til turar og leir så langt det let seg gjere i vårsemesteret.

**Oppstart blir helga 16. – 18. oktober.**

Foreldremøte kjem i forkant av dette, anten fysisk eller digitalt. Dato kjem.

**Vi sjåast!**

Gro Helen Blindheim Skjælaaen



# Trusopplæringstiltak

## 0-11 år, hausten 2020

### 3-åringar

**Adventsamling laurdag  
31.oktober.**

Då vert 3 åringane invitert med 1 føresatt til graut, juleevangeliet og ein hobbyaktivitet. Kanskje treffer dei andre som er 3 år som dei ikkje kjente frå før?

Invitasjon vert sendt ut i posten og påmelding er nødvendig. Følg heimesida vår for oppdatert informasjon.



### 4-åringar

**Utlevering av 4-årsbok skjer i Os kyrkje 27. september kl.11.15 og i Nore Neset kyrkje 18. oktober kl. 11.**

I etterkant av gudstenesta vert 4-åringane invitert til å vera med å utforska kyrkjerommet. Invitasjon vert sendt ut i posten. Påmelding er nødvendig: [os.medarbeideren.no](https://os.medarbeideren.no)

### Lys vaken

**På Lys Vaken får 11 åringane overnatte i kyrkja si!**

- 14-15. november i Os kyrkje
- 28 -29. november i Nore Neset kyrkje

Vi utforskar kyrkja og elementa der. Når det nærmar seg midnatt har vi fakkeltog. Vi leiker, forbereder søndagens gudsteneste saman og et taco. Barna får invitasjon i posten, og melder seg på til den helga som passer best.

Følg heimesida for oppdatert informasjon.



**For alle tiltak gjeld påmelding på nett: [os.medarbeideren.no](https://os.medarbeideren.no)**

### Babysang

**Vi startar opp med den populære babysongen både i Os kyrkje og Nore Neset kyrkje, torsdag den 3. september.**

Dette er ein stad der føresette og barn kosa seg saman med song og samvær. Det er ein fin arena å bli kjent med andre som og er heime.

Vi har plass til max 20 på kvar stad dette semesteret. Følg heimesida vår for oppdatert informasjon

**Påmelding er nødvendig:  
[os.medarbeideren.no](https://os.medarbeideren.no)**



**For arrangementa for familie og søndagsskule i haust: Følg med på vår heimesida og Facebooksida.**



## Ny kyrkjelydsarbeidar med ansvar for familie og born



I september får Os kyrkjelyd ny kyrkjelydsarbeidar.

Tekst og foto: Linda Ekerhovd

Sylvia Lundgren har takka ja til stillinga og vil ha ansvar for arbeidet for familie og born i kyrkjelyden. Vi er spent på kven denne nye medarbeidaren er, og spør:

### **Kven er du, Sylvi?**

- Hei, eg er ei dame som har vakse opp i ein KFUK-KFUM speidarfamilie i Nordfjord.

### **Kva bakgrunn har du?**

- Med speiding i morsmjølka har eg vore aktiv speidar fram til 2008, då flytta eg til Svalbard og starta eit eventyr der, både med studium og med jobbing. Det vakre eventyret på Svalbard enda i 2018. Då 2019 starta kjøpte vi (Henning og eg) oss hus i Lysekloster, og starta ein liten familie.

### **Kvifor søkte du deg hit?**

- Det å starte familie gjer til at ein blir meir merksam på sin eigen oppvekst. Når eg søkte jobben så er det fordi eg ønskjer å kunne vere med å gje barnet mitt dei same trygge rammene som eg var så heldig å vakse opp med.

### **Du skal jobbe med familie og born i kyrkjelyden. Er det noko du brenn spesielt for med dette arbeidet?**

- Det eg brenn litt ekstra for i dette arbeidet er nok å gje born følelsen av meistring, leiartrening og det å forkynne bibelhistorier.

*Vi ønskjer Sylvi hjarteleg velkomen til kyrkjelyden og gler oss til ho er i full sving i arbeidet!*

## TUNET Barnekor

**Møtast annankvar torsdag, frå kl. 17.30 – 18.45.  
Oppstart 3. september.**

Velkomen til «gamle» og nye medlemmer!

Ny i koret? Dersom du har funne ut at du har lyst å vera med i koret, er det fint om nokre av dei vaksne heime melder deg på her: [os.medarbeideren.no](mailto:os.medarbeideren.no)

TUNET barnekor er drive av Os kyrkjelyd, og organisert i KFUK/KFUM. Kontingenten for å vera medlem i TUNET barnekor er 200,- i semesteret. Faktura kjem på e-post etter påmelding.

Denne hausten vert ikkje så lett å planlegga pga. koronasituasjonen. Vi må vera førebudd på at det vert nye retningslinjer undervegs.

Men når vi har øving skal vi læra mange kjekke songar, øva på å syngja i mikrofon, kanskje opptre nokre gonger, leika og høyra om Jesus. Av og til finn vi fram instrument for å prøva oss på ulike rytmar. Vi har fått eit heilt nytt trommesett som vi skal prøve oss på!

**Facebookgruppe: TUNET barnekor**

## TweenSing

**Kvar onsdag kl. 18.00-19.30  
i Nore Neset kyrkje.  
Oppstart 9. september.**

TweenSing er eit kor for aldersgruppa 5. – 7. klassingar.

Det er drive av Os kyrkjelyd, og organisert i KFUK/KFUM. Kontingent pr. semester er 200 kr.

Dersom du vil begynne i TweenSing er det fint om du melder deg inn på [os.medarbeideren.no](mailto:os.medarbeideren.no)

**Velkomen!**

## Familiekoeret ShubaDubs

**Møtast annankvar torsdag  
i Storsalen, frå kl 17.30 – 19.30.  
Oppstart 3. september.**

Koret er for familier med born mellom 2,5 -5 år (før 1. klasse).

Både «gamle» og nye medlemmar er velkomen på øving! (NB. Haustsemesteret er no fullt)

**Facebookgruppe:  
Shubadubs**







# Venneveke

## VISJON: Førebygging, relasjonsbygging og brubygging/nettverksbygging

Vennskap er viktig.  
Du er viktig,  
og vi treng kvarandre.  
Bli med å skape vennskap i  
Bjørnafjorden



**Os kommune og Os kyrkjelyd tok initiativ til å arrangere «Venneveke» i veke 44, 2019.**

Det vart gjennomført mange gode arrangement og tiltak for innbyggjarar i alle aldre i heile kommunen. Gjennom ulike arrangement og aktivitetar i løpet av veka vart det sett fokus på venskap og inkludering. Det var eit breitt samarbeid i kommunen, og vi ynskjer at alle set fokus på dette viktige temaet innanfor dei rammene dei har, også i 2020. Dette infoskrivet er difor meint som inspirasjon og oppfordring til å setje fokus på venskap i veke 48.

### Kvifor venskap?

Born, unge og vaksne treng venskap, og i nokre fasar av livet er det ekstra viktig å ha «den eine» der, det vere seg fagperson, familiemedlem eller ein ven. Vi kan alle vere ein ven, og i alle venskap er den gode dialogen og respekten viktig.

### Målet med veka:

Jobbe med gode haldningar, involvere, vere til stades, og synleggjering på ulike arenaer i kommunen med venskap som tema, på ein inkluderande, gøy og venskapeleg måte. Vi ynskjer å mobilisere breitt, og utfordrar mellom anna barnehagar, skular, eldresenter, næringslivet, idrettslag, kyrkja, frivillige organisasjonar og alle der heime om å ha spesielt fokus og synleggjering i veke 48. I gata, på skulen, i sentrum og på kjøpesenteret, på idrettsbana, i aviser, kyrkjelydsblad, gamle og unge. Vi ynskjer å vise at vi er viktige for kvarandre, og at alle er like viktige. Du kan vere med å bety ein forskjell for dei du har rundt deg.

### Nokre tankar rundt temaet som kan brukast til refleksjon, samtale og gruppearbeid:

Kvifor er det viktig å vere den eine venen? Korleis er det å vere ny på ein skule/ ein arbeidsplass/eit lag? Korleis er du ein ven når du opplev sjukdom og vanskar

rundt deg, skuggar vi banen eller støttar vi? Solidaritet, empati og aksept blir viktig rundt dette temaet. I fleire undersøkingar i det siste har einsemd peika seg ut som ei samfunnsutfordring. Difor er dette eit viktig tema å setje ekstra fokus på denne veka. Saman kan vi få til mykje, og vi kan alle gjere ein innsats.

### Kva kan DU bidra med?

Kva kan di bedrift, din skule, din barnehage, ditt idrettslag, og alle andre, bidra med? Klarer vi alle å setje fokus på dette temaet i same veke, kan vi skape noko sterkt saman! Døme på noko av det som skal skje: MOT til å glede-dagen (23.11), skravlekoppene er komen til Bjørnafjorden, ta dei i bruk!, popup-stand ulike stader i kommunen, språkkafé for alle torsdag kl. 17, kulturkveld og godheit i sentrum, med meir. Meir detaljert program kjem, og lag gjerne ditt eige der du er.

## GRATIS BARNEHAGETILBUD!

Open barnehage er et tilbud til deg som er hjemme på dagtid med barn som er under skolealder.

Dere kan komme og gå som det passer dere best, innenfor våre åpningstider. I Åpen barnehage kan dere delta i lek, samlingsstund, felles lunsj, aktiviteter og baby-yoga.

LEK – LUNSJ – LÆRING

ÅPNINGSTID  
09:00 – 15:00  
Tirsdager\*

\*Vi følger skoleruten



Øyro 49  
5200 Os

✉ OSAAPENBARNEHAGE@KFUK-KFUM.NO

☎ 918 84 542 / 417 77 988

📱 OSØYRO OPEN BARNEHAGE

Osøyro Open kindergarten is open for all children accompanied by their parents or other adults.

At Open kindergarten you and your child can create a social network outside your home. The children's playtime is organized by a preschool teacher. You may come and go as you like during the opening hours, free of charge and without any duties. Open kindergarten is an educational offer lead by a preschool teacher. **Welcome!**

### Ta kontakt om du lurer på noko:

**Elin Tuft**, SLT-koordinator  
[eltu@bjornafjorden.kommune.no](mailto:eltu@bjornafjorden.kommune.no)

**Elin Thorsen Kløverød**, Næringsssjef  
[elbt@bjornafjorden.kommune.no](mailto:elbt@bjornafjorden.kommune.no)

**Ingrid Vik**, Diakon  
[iv588@kyrkja.no](mailto:iv588@kyrkja.no)

**Sigbjørg Eriksson**, Kreftkoordinator  
[sier@bjornafjorden.kommune.no](mailto:sier@bjornafjorden.kommune.no)

**Anne Solberg Andersson**, Ungdomskonsulent & MOT-koordinator  
[aes@bjornafjorden.kommune.no](mailto:aes@bjornafjorden.kommune.no)

**Stefan Andre Svendsen**, Trusopplæringsleiar  
[ss759@kyrkja.no](mailto:ss759@kyrkja.no)





## "Guds godhed vil vi prise"

Norvald Johan Kobbeltvedt har skrivt ei folketonemesse. Ho følgjer dei vanlege messeledda i høgmessa, slike som Kyrie, Gloria, Sanctus og Agnus Dei m.m., og har fått namnet "Guds godhed vil vi prise" – folketonemesse til Os kyrkje sitt 150-årsjubileum.

Duke Ellington sa ein gong at det ikkje er det du spelar som gjer ein låt til jazz, men måten du spelar han på. Slik er det også med folkemusikken. Vi har difor fått med nokre utøvarar innan folkemusikk, Eirin Røykenes på vokal og Are Fløisand på hardingfele. Eirin er medliturg, saman med prest Roar Evjedal. Ho har m.a. hatt Sondre Bratland som lærar.

Are Fløisand er med på hardingfele. Han har i mange år vore ein sentral utøvar innan folkemusikken i Bjørnafjordsregionen. I dag leiar han Bjørnafjorden Spelemannslag (tidlegare Os Spelemannslag). I tillegg akkompagnerer etablerte musikarar som Geir Mildestveit på klarinett, Arvid Varpe på trekkspel, Ole Amund Gjersvik på kontrabass og Norvald Johan Kobbeltvedt på gitar. Vi har med ei korggruppe. Dei syng ikkje fleirstemt korsong, men unisont, og tener som forsongarar for kyrkjelyden.

**Velkomen til folketonemesse  
20. september!**

**Andrew Paul Holman**  
KANTOR



## Jubileumsgudsteneste

*Søndag 23. august 1870 vart Os kyrkje vigsla. Søndag 23. august 2020 vart 150-årsjubileum feira med jubileumsgudsteneste og kake til kyrkjekaffien.*

Det var mange som bidrog til ei flott festgudsteneste. Oppe på galleriet spelte organist Andrew Holman på orgel akkompagnert av Tonje Hernes på trompet, blåsarar frå Os Musikkforening og eit utvida kyrkjekor som forsongarar. I tillegg leia eit band kyrkjelyden i lovsong under nattverden. Det mangla verkeleg ikkje på det musikalske.

Ordførar Trine Lindborg var tekstlesar og sokneprest Roar Hallesby Evjedal halde ein flott festtale om kyrkja som eit vitne om Guds kjærleik. Gudstenesta vart avslutta med eit vakkert postludium som heiter «Jubilate» komponert av Tonje Hernes for

høvet. I samband med jubileet har kyrkja fått ein oppjustering med ny raud laupar, 2 skjermar og nytt lydanlegg til gudstenesta.

Festen heldt fram med kyrkjekaffi i Tunet, med «kvit dame» til kaffien og gåver til Os kyrkje. Os YMC (Y'smen) gratulerte jubelanten med ei gåve på 10.000 kroner til ungdomsarbeidet. Ordførar, Trine Lindborg, overrekte eit gåvekort på 25.000 kroner frå Bjørnafjorden kommune til Os kyrkje, og soknerådsleiar for Fusa sokneråd, Roar Samnøy, hadde med seg 10.000 kr frå Fusa sokneråd. Begge desse gåvene går til ei fond for ny orgelløysning i Os kyrkje.

**Vi takkar for alle gåver og alle som bidrog!**

**Linda Ekerhovd**  
DAGLEG LEIAR I OS SOKN



Bandet.



Ordførar Trine Lindborg.



Tone Hernes.



## Osøyro mannsgruppe

### Arbeidet for norsk ytremisjon har lange røter i Os.

Etter skipinga av Det Norske Misjonselskap i 1842 fekk Osbygda berre fem år seinare, i 1847, ei lokal misjonsforeining, eit mannslag som heldt samlingar for «dei som hadde samhug med saki», slik det står i bygdeboka for Os.

Dette var 30 år før den fyrste kvinneforeininga i kommunen. Dei vart mange etter kvart. Så, i 1970, var me eit par karar, Harald Ådland og eg, ektemenn til koner som var aktive i si kvinneforeining, som gjorde opptaket til Osøyro mannsgruppe for NMS. Heilt frå byrjinga har dette vore ei bibelgruppe. Ei tid brukte me studieplanar frå hovudorganisasjonen, men etter kvart kom me i inn i ein fast rutine med å lesa heile, eller utdrag av bibelske skrifter, med etterfylgjande fri samtale. Slik har me det framleis. I år kan me såleis feira 50-årsjubileum for denne gruppa.

Lenge møttest me i heimane våre. Men etter at me fekk det tenlege Kyrkjetunet vårt i 1988, har me halde til der. For tida er me ni medlemmer, alle seniorar, slik det heiter no til dags.

Me samlast i Tunet etter ein oppsett plan 11 gonger for året. Fast møtedag er onsdag. Ein skal ha god grunn for ikkje å møta fram! Elles stør me aktivt opp om tilskipingane til NMS si fellesforeining, særleg den årlege misjonsmessa, både med gevinstar og gjeremål i den samanhengen.

Ikkje alt er enkelt i bibeltekstane! Ikkje alt på trusvegen heller. Då er den broderlege samtalen nyttig og til god hjelp. Me legg også vekt på den sosiale sida. Difor har me ein romsleg matpause. Medlemene tek med seg mat og drikke etter tur.

Fellesskap i tenesta for Kristi rikssak er ei stor velsigning. For me er medvitne om ansvaret vårt for at evangeliet kan nå ut til alle folk. Difor held me oss òg ajour med det som skjer i dei nasjonale kyrkjene på misjonsfeltene våre. Offer til Det norske misjonselskap er obligatorisk. Me syng og me bed, og så går me glade heim!

Eg nyttar dette høvet til å slå til lyd for fleire mannsgrupper i kyrkjelyden. Det er ei arbeidsform som krev lite administrasjon, anten i samarbeid med ein organisasjon eller frittstående.

**Lars Hernes**

## Takk, Carol!

### Carol Christine H. Hafstad flytte i sommar frå Os til USA for godt, for å bu nær familien, sine to søner, svigerdøtrer og fem barnebarn. Sønene er Glenn og Thomas.

Carol kom til Os på 70-talet, vart gift, og etter at mannen døydde, reiste ho i mange år til USA både sommar og jul for å vere med familien. Men i år kom Korona-viruset og stoppa heimreise! Carol fekk tid til å tenkje, å kjenne på, og fann etter kvart å kunne imøtekome det familien lenge hadde ønska, at ho flytte over til USA og busette seg i nabolaget.

Etter at huset i Os var seld og flyttesjauen stort sett unnagjort ved hjelp av sonen Glenn, veit eg at Carol såg fram til å få gå til gudsteneste søndagen 26. juli. Etter gudstenesta gjekk ho og venninnene i samla flokk til Hamnesjefen for å ete ein skikkeleg lunsj og ta farvel. Underteikna var invitert med og var glad for å kunne takke ja.

Venninnene har hatt mykje moro i lag, både i og utanom kyrkja. Carol, Irene Hunshammer, Astrid Sundøy, Kari Olsen og Randi Grønås har i svært mange år vore frivillige medhjelparar i Os kyrkjelyd. Med ulike oppgåver og med teneste til ulike tider, er dei ofte å sjå, til dømes for å stelle til kyrkjekaffi, minnesamvær eller pakke dåpshelsingar. Men til gudsteneste kvar søndag stiller alle samtidig.

Carol og venninner bakte til julemessa; lefser og småkaker, ho stilte kjøken og matbod til disposisjon, og det var kjekke dagar, fortel Randi.

Carol song i mange år i Kyrkjekoret, - og i Kyriaké saman med underteikna. Alt i alt er vi svært mange som kan sjå tilbake på gode minner og kjekke fellesskap.

Med stor takk ønskjer vi Carol eit godt og fint liv «over there».

**Inger-Johanne  
Haugland**  
FRIVILLIGKOORDINATOR







## Salme 468

# Hos Gud er evig glede!

Hos God er evig glede! Men før jeg kommer der,  
Jeg må blant torner trede og bære byrder her.  
Her trykker mange plager, her strider Jesu brud,  
Her blandes fryd med klager, kun glede er hos Gud.

Jeg bytter ei med dårer som har sin glede her.  
Jeg heller gjennom tårer og sukk mitt såkorn bær.  
Når jeg med fryd kan høste ved enden av min ei,  
La dåren seg forlyste, med ham jeg bytter ei.

Min Jesus skal jeg skue. Han, han er håpets grunn!  
La korset kun meg kue, det er en liten stund.  
Snart intet meg bedrøver, snart ingen motgang mer  
Min glede fra meg røver. Snart jeg min Jesus ser.



**Andrew Paul Holman**  
KANTOR

Teksten er skrive av Johann Nordahl Brun (1745-1816). Han voks opp nær Trondheim og var biskop i Bjørgvin (1804-16). Melodien er ein folketone frå Nordmøre. Men likheten med den svenske folketonen «Bred dine vida vingar» er slåande.

## Misjonsmessa 2020

Der vert vanskeleg å arrangere Misjonsmessa for NMS i haust slik som vi pleier og gjerne ville ha gjort i år også. Messekomiteen har likevel lyst å få til noko. Difor arrangerer vi loddosal på bøker. Vi har allereie fått mange fine gevinstar, men vi tek gjerne imot fleire.

Alle som er med i ei misjonsforeining får loddbøker, så ta kontakt med ein du kjenner for å få kjøpt lodd. Du kan også ta kontakt med ei frå Messekomiteen (sjå under)

**Trekninga av loddbøkene vert laurdag 17. oktober. Vi håpa på god oppslutning på loddsalet.**

### Venleg helsing

Marta Myrliid Sørbo, 99584893

Jorunn Aase Hagen, 41658605

Marianne Padøy, 98623792

Hilde Marie Skjælaaen, 97010093



## Sokneprestens hjørne:



**I sommar er det eit ord eg har tenkt mykje på: radikal.**

Det er eit ord som har fått ei ganske eintydig negativ klang i mange øyre, og mine. For eg har nemleg fått spørsmål om kva eg synest om dei nye Star Wars filmene, og då har eg svara noko sånn som at eg er i ferd med å bli Star Wars radikaliserert, og berre held meg til originaltrilogien. Også har eg tenkt: Skal eg bli ein sånn fyr som rakkar ned på ting utan å eigentleg ha nokon god grunn til det? Og er det det handlar om å vera radikal? Å sjå ned på andre? Kva tyder eigentleg radikal?

Viss vi Hentar litt inspirasjon frå hebraisk, originalspråket til Det gamle testamentet, er det slik at alle ord har tre-fire konsonantar som går at i alle former av eit ord. Til dømes mønsterverket katal (som tyder å drepa. Og nei, eg finn ikkje berre på dette). I alle former av dette verbet finn vi alltid konsonantane k,t og l. Dei er rota av ordet, og kallast radikalar. Så radikal har altså noko med røter å gjera, og røter er jo positivt. Røter er grunnleggjande. Røter gjev liv. Kva er kyrkja sine radikalar? Eg trur at innleiinga til Johannesevangeliet gjev oss svar på det: *Av hans overflod har vi fått nåde over nåde. For lova vart gjeven ved Moses, nåden og sanninga kom ved Jesus Kristus.*

Nåde og sanning. Der er to radikalar for kyrkjas og vårt liv som vi aldri må gløyma. For som den gamle gospelslåta seier: He that the Son has set free, is free indeed. Heilt fri blir vi berre i nåden og sanninga i Jesus. Det er ikkje noko vi kan gjera frå eller til. Alt vi kan treng å gjera å ta imot det Jesus gjev oss når vi søkjer han. Det er i grunn ein ganske radikal tanke, og definitivt noko positivt å ha med seg i kvardagen.

**Roar Hallesby Evjedal**  
SOKNEPREST



## Smittevern-reglar i Tunet, hausten 2020

Personar med feber, symptom på luftvegsinfeksjon, eller som er i karantene, skal ikkje vera til stades.

1. Ved inngang skal alle vaske hender med sprit/antibac.
2. Stolar og bord skal settast fram før møte/øving startar.
3. Minimum 1 meter mellom kvar person (gjeld ikkje personar i same husstand).
4. Projektor skal nyttast i staden for songbøker.
5. Tørk av tangentar, tastatur og utstyr med eingongs-klut før og etter bruk.
6. Mikrofon skal ikkje delast, dekkast med plastfilm ved bruk, plastfilm fjernast etter bruk og leggjast i søpla.
7. Hoste inn i albogen eller papirlommetørkle.
8. Det skal utpeikast ein person med ansvar for å vaske alle berøringspunkt; lysbrytar, dørhandtak, lås på wc, bordplater etter møte/øving.

Der skal vere lagt ut eingongs-klutar i alle rom. Meld ifrå dersom dette manglar.

## Jazzmesse prosjektkor

I samband med 150-års jubileet skal vi feire med ei jazzmesse komponert av Aasmund Brekke.

Starten på korøving er tirsdag 6. oktober og kvar tirsdag (kl. 18 – 19.30) i Tunet fram til 10.11. Vi syng jazzmessa på ei kveldsgudsteneste søndag 15. november.

**Vel møtt!**

## Fredagstaco

Grunna koronasituasjonen må Fredagstaco ta ein pause i haust. Fredagstaco er eit herleg, organisert kaos, og akkurat no er ikkje kaos noko vi skal organisera. Vi kjem sterkare tilbake når situasjonen tilseier det.

## TITT Torsdag i Tunet

Ein torsdag kvar måned  
kl. 20:00-22:00  
Litt musikk, kveldens  
tema og triveleg  
felleskap.

Datoane for i haust er  
følgande:

- Torsdag 24. september
- Torsdag 29. oktober
- Torsdag 19. november

Meir om program kjem på  
heimesida  
til Os  
kyrkje.

## Senior- Koinonia

Møta tek til kl. 11.30 og  
vert avslutta kl. 14.00 i  
Eldstova på Tunet.

- Torsdag 10. september
- Torsdag 24. september
- Torsdag 8. oktober
- Torsdag 22. oktober
- Torsdag 5. november
- Torsdag 19. november
- Torsdag 3. desember

## Språkkafeen

Vi samlast i Tunet kyrkje- og kultursenter  
torsdagar kl. 17.00 – 19.00. Datoane er:

- 17. september: Språkkafe med internasjonal dans
- 22. oktober: Språkkafe med strikking
- 26. november: Språkkafe med kleskarusell
- 10. desember: Språkkafe

## Strikk til tunet

Kvar onsdag formiddag kl 12-14, er ein flokk damer samla i Eldstova i Tunet. Praten går godt og strikkepinnane enda betre. Alle er velkomen – om du har strikka i mange år eller er heilt nybegynnar.

Støtt våre annonsører

**NMS GJENBRUK OS**  
**MILJØ, MØTEPlass & MISJON**

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.

**Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!**  
 Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis  
 Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPlass MISJON

 Følg oss på Facebook  
 "NMS Gjenbruk Os"



*Sag og høvleri*

**DRANGE BRUK AS**

Høvel- og skurdlast  
 Panel - lister - golv  
 Trykkimpregnerte materialar

**ALT TIL GUNSTIGE PRISAR**

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
 5215 LYSEKLOSTER

**OS HAGESERVICE**   
 alt innen hage

Vi lager hageplan,  
 murer, legger stein,  
 lager plen og planter  
 busker og trær.

56 57 66 77 99 00 80 80  
[www.oshageservice.no](http://www.oshageservice.no) 

**TRAVELNET** 

**OS REISEBYRÅ AS** Boks 274, 5203 Os  
 Tlf. 56304300

e-post: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no) | [www.verden.no](http://www.verden.no)

REISEGARANTI  
 RGF  
 FONDET



**Elektro-Design AS**  
 AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?  
 Ta kontakt med Geir Skarding:  
**Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, [elek-3@online.no](mailto:elek-3@online.no)

DRENERING • MURING • SPRENGING



**BOTNEVIK**

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307  
 Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

**GRAVMINNER**  
 Stor salgsutstilling av  
 nye monumenter  
 Tilføyelser / Oppussing

 **EIKNER** 100ÅR 1908-2008

**STEINRIKET**  
 EIKNER NATURSTEIN  
 ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN  
 TLF. 55 98 70 00

**Os Gravferdsbyrå as** 

**Døgntelefon**  
**56 57 49 50**

Jorunn Moberg  
 Agnethe Øvreide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette  
 for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølve.  
 Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)



## DØYPTE

**21. mai**  
Emilie Hovland Stavenes

**23. mai**  
Eva Fjeld

**24. mai**  
Haley Pettersen Matre

**31. ami**  
Viljar Eikrem  
Nora Øvrebø Myhre

**7. juni**  
Mikael Mo Blostrupmoen  
Theodor Lyssand Hjellev

**14. juni**  
Helene Fjellbakk Øvstedal  
Laura Brandt Rød  
Rikke Lepsøy Skjerping

**28. juni**  
Håvard Hjertnes Rykkel

**12. juli**  
Ingrid Steinkjer  
Ragnar Storum

**19. juli**  
Sindre Glimsdal Midthun  
Ada Viktoria Nyborg

**26. juli**  
Ida Olivia Selstad  
Anna Frølich Vatne

**1. august**  
Synne Iben Øvreeide Bogen

**2. august**  
Ulrik Bugge

**9. august**  
David Sjøbø Asbjørnsen

**16. august**  
Victoria Eline Fagerthun Drange  
Jonas Alver Kinden  
Oscar Døsen Moen

**21. august**  
Benjamin Ravnskog Bye

**22. august**  
William Lunde Kongsvik  
Lars Lunde Oseng  
Tomine Mjelde Redner

## VIGDE

**6. juni i Os kyrkje**  
Sara Lepsøe Berge &  
Pål Christian Stokka

**27. juni i Nore Neset kyrkje**  
Malena Grimseid &  
Stian Fosse

**27. juni i Os kyrkje**  
Victoria Hagesæter &  
Andreas Askvik  
Ann-Jeanette Jacobsen &  
Kristen Steensen

**11. juli i Os kyrkje**  
Thanya Supapat &  
Knut Reidar Berentzen

**1. august i Os kyrkje**  
Gry Øvreeide &  
Lars Martin Bogen  
Cecilie Therese Eikeland &  
Kristoffer Hansen Leistad

**4. august i Lysekloster kapell**  
Anna Skogedal Linden &  
Carl Ulvedal Corneliusen

**8. august**  
Tonje Emilie Eriksen Cavallius &  
Øyvind Lunde Hodneland

## DØDE

**Helge Elias Flaterås**  
f. 24.01.1936 - d. 26.04.2020

**Margit Marie Bakervik**  
f. 06.03.1927 - d. 29.04.2020

**Anne-Mette Isaksen**  
f. 09.12.1945 - d. 04.05.2020

**Randi Sørstrønen**  
f. 02.07.1945 - d. 06.05.2020

**Ingvard Jonny Storum**  
f. 30.07.1938 - d. 06.05.2020

**Alexander Heggland**  
f. 09.05.1979 - d. 09.05.2020

**Olav Johannes Haugland**  
f. 07.03.1926 - d. 20.05.2020

**Edel Skogen**  
f. 17.03.1937 - d. 20.05.2020

**Gunn Seland**  
f. 15.09.1943 - d. 23.05.2020

**Kirsten Lønningdal**  
f. 30.10.1925 - d. 26.05.2020

**Kjell Nordberg**  
f. 21.09.1959 - d. 26.05.2020

**Olav Gunstein Djuve**  
f. 05.08.1940 - d. 04.06.2020

**Norvald Øvreeide**  
f. 14.01.1956 - d. 04.06.2020

**Inger Louise Nesse**  
f. 16.10.1927 - d. 08.06.2020

**Elisabeth Skjelvik Hamref.**  
10.02.1956 - d. 20.06.2020

**Agnes Amanda Bogevik**  
f. 05.12.1926 - d. 25.06.2020

**Agnethe Lunde**  
f. 03.10.1924 - d. 27.06.2020

**Olaf Nils Nicholaisen**  
f. 30.09.1923 - d. 28.06.2020

**Ove Bruarøy**  
f. 11.06.1957 - d. 03.07.2020

**Kristoffer Reiertsen**  
f. 12.05.1993 - d. 05.07.2020

**Odd Heggland**  
f. 17.09.1953 - d. 12.07.2020

**Wenche Hagevik**  
f. 04.09.1953 - d. 15.07.2020

**Målfrid Søfteland Rød**  
f. 11.06.1931 - d. 15.07.2020

**Aleksandra Kleiven**  
f. 03.06.2008 - d. 25.07.2020

**Sonja Helene Hovde**  
f. 28.10.1953 - d. 26.07.2020

**Arne Farsund**  
f. 27.10.1948 - d. 27.07.2020

**Rune Solberg**  
f. 24.01.1967 - d. 28.07.2020

**Martha Bjørgaas Dyngeland**  
f. 26.07.1936 - d. 31.07.2020

**Petra Finnema**  
f. 27.12.1923 - d. 31.07.2020

**Jan Henrik Bogno**  
f. 22.01.1944 - d. 06.08.2020

**Rita Vernøy**  
f. 18.11.1945 - d. 10.08.2020

**Ruth Djuve**  
f. 21.02.1942 - d. 12.08.2020

**Bernt Allan Sælen**  
f. 31.01.1953 - d. 13.08.2020

**Osvald Dagfinn Nordvik**  
f. 06.01.1946 - d. 14.08.2020

**Karl Andreas Hjellev**  
f. 20.06.1934 - d. 18.08.2020

**Aud Ingrid Haugland**  
f. 13.08.1937 - d. 19.08.2020

**Jan Olav Lohne**  
f. 22.05.1982 - d. 21.08.2020

### KVALITET!

Verktøy, maskiner og  
redskap for HUS OG HAGE

**PM Sælen & Co AS**

Tlf. 56 30 44 90

 **JERNIA**  
www.jernia.no

**Ynskjer du å annonsere i  
kyrkjebladet?**

Ta kontakt på tlf. 56 57 24 00 eller  
e-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)





# Planlagte gudstenester i Os kyrkjelyd

Sjå [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os) for oppdaterte opplysningar.

Os kyrkje	Nore Neset kyrkje
<b>20.09.20</b> kl. 11.15: Nattverd. Folketonemesse	<b>20.09.20</b> kl. 11.00: Dåp.
<b>27.09.20</b> kl. 11.15: Søndagsskulens dag. Utdeling av 4-årsbok.	<b>04.10.20</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
<b>04.10.20</b> kl. 11.15: Nattverd.	<b>18.10.20</b> kl. 11.00: Dåp. Utdeling av 4-årsbok. Hausttakkefest.
<b>11.10.20</b> kl. 11.15: Nattverd.	<b>01.11.20</b> kl. 11.00: Minnegudsteneste
<b>18.10.20</b> kl. 11.15: Nattverd.	
<b>25.10.20</b> kl. 11.15: Nattverd.	
<b>01.11.20</b> kl. 11.15: Nattverd.	
<b>01.11.20</b> kl. 19.00: Minnegudsteneste.	

## Oversikt over kva vi har fått inn i offer sidan 12. april 2020

Dato	Takkoffer til	Beløp
03.05.2020	Konfirmantarbeidet i kyrkjelyden	1 552,-
17.05.2020	Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet	1 035,-
24.05.2020	Tunet	5 613,-
31.05.2020	Den Norske Israelmisjon	1 671,-
07.06.2020	Barnearbeidet i kyrkjelyden	3 004,-
14.06.2020	De 4 diakoninstitusjoner	1 736,-
21.06.2020	Tunet	16 999,-
28.06.2020	Diakoniarbeidet i kyrkjelyden	3 216,-
12.07.2020	Tunet	6 519,-
19.07.2020	Misjonsprosjektet	2 204,-
26.07.2020	Barnearbeidet i kyrkjelyden	3 876,-
02.08.2020	Det Teologiske Menighetsfakultet	2 913,-
09.08.2020	Tunet	4 017,-

## OS Kyrkjelyd

### TILSETTE:

#### SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,  
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05  
Mob: 979 51 006, ma735@kyrkja.no

#### KAPELLAN I OS

Roar Hællesby Evjedal, re674@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

#### VIKARPREST

Svante Havåg, sh226@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 07, mob: 922 47 639

#### KYRKJEVERJE:

Kristine Fjeld, i permisjon til 1. jan 2020,  
kf253@kyrkja.no, tlf. 56 57 24 03,  
mob: 414 26 859

#### FUNGERANDE KYRKJEVERJE:

Harald Geir Sæther, hs995@kyrkja.no  
tlf. 56 58 01 80

#### DAGLEG LEIAR:

Linda Ekerhovd, le663@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 20.

#### KONSULENTAR:

Elin Oldervoll Moberg,  
tlf. 56 57 24 02, em244@kyrkja.no  
Monica Refsdahl  
tlf. 56 57 24 13, mr346@kyrkja.no

#### UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, lh798@kyrkja.no,  
tlf 56 57 24 17 / mob. 476 56 541

#### KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hl489@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 14, mob: 452 75 553

#### DIAKON:

Ingrid Vik, iv588@kyrkja.no,  
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

#### KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, ah292@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 11  
Anton Proskurnin, ap244@kyrkja.no  
mob.: 482 32 977

#### FRIVILLIGKООORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ih985@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

#### KYRKJELYDSPEDAGOG

#### BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Gro Helen B. Skjælaaen, gs234@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

#### KYRKJELYDSARBEIDAR:

Hege Varhaug-Lekven, hv299@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 09

#### DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG GRAVPLASSAR:

Driftsleiar Kenneth Molland (mob: 917 49  
190), Marianne Tveit, Øyvind Dreyer, Agnar  
Midtsæter og Linn Kjerstin Østgulen.

Avs:

Os kyrkjelyd

Postboks 209

5202 Os



# BARNAS SIDE

## Fargelegg!

David laga mange songar som står i Bibelen.

Teikning: Kari Sortland



## Finn 5 feil

David var ein gjetargut som Gud valde til konge over Israel. Dei to bileta er nesten like. Finner du de fem feila på biletet under?

Teikning: Kari Sortland



## Finn namn på 10 edelsteinar!

I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 edelsteinar. Namna står bortover frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

I	S	K	R	Y	S	T	A	P
K	A	O	S	B	E	R	G	Y
O	F	P	Ø	R	U	B	I	N
D	I	A	M	A	N	T	U	T
R	R	L	U	R	E	R	I	E
O	K	S	M	A	R	A	G	D
M	J	A	T	T	O	P	A	S
P	A	G	A	T	M	U	R	L
E	D	I	A	M	R	A	V	I
T	E	P	P	E	R	L	E	P

Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22108 71 00



## VITSAR

– Pappa, kvifor gifta du deg med mamma?  
 – Fordi mor di er ei helt spesiell kvinne.  
 – Korleis då?  
 – Ho var den einaste som ville ha meg.

– Eg klarer ikkje å sove når eg har drukke kaffi!  
 – Så rart! Med meg er det omvendt: Eg klarer ikkje å drikke kaffi når eg søv.